



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen

Informasjonstenesta

5020 Bergen

Telefon 55 23 99 42

Telefaks 55 23 99 49

Pressemelding

Bergen 29. mai 2009

Tide skal køyre buss i Bergen sør og Os

Hordaland fylkeskommune har i dag tildelt Tide Buss AS kontrakt for køyring av buss i Fana, Ytrebygda og Os for perioden 1. mai 2010 - 30. april 2017. Kontrakten omfattar også matebussystemet til Bybanen.

Bergen Sør og Os er det sjuande området der busstilbodet vert konkurranseutsett i Hordaland. Tide Buss AS er kåra som vinnar av anbodskonkurransen ut i frå ei vurdering av tildelingskriteria pris, kvalitet og miljø. Tide Buss AS var den av tilbydarane med lågast pris – om lag 149,5 mill. kr pr. år. Tide Buss AS vann i konkurranse med Fjord 1 Partner AS, Nettbuss Drammen AS og Norgesbuss AS.

Kontrakten med Skyss har eit omfang på om lag 189 000 rutetimar pr. år og omfattar all rutetransport inkludert skuleskyss. Kontrakten omfattar om lag 100 nye bussar, som er universelt utforma (mellom anna lågt innsteg/golv som gjer det lettare og raskare å gå av og på bussen). Bussane har miljøvenlege dieselmotorar, og vil køyre med ei innblanding av 5 % biodiesel.

Kontraksperioden er 1. mai 2010 til 30. april 2017.

Kontaktpersonar:

Torill Selsvold Nyborg, fylkesordførar - telefon 55 23 90 11 / 915 22 733

Oddmund Sylta, direktør i Skyss - telefon 932 30 401 / 55 23 93 94